

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	25.04.2023
Vår referanse	2023/56842-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Peter Forras
E-post	Peter.Forras@vlfk.no
Telefon	47690029

Kulturminnefagleg fråsegn - mindre endring av arealformål i kommunedelplan for sjø- og strandsone - naustformål - gnr. 96 bnr. 27 - Osterøy kommune

Saka gjeld mindre endringa av arealføremål i Sjø- og strandsoneplan – Kommunedelplan – for Osterøy kommune 2018-2027, området er BAB 32/33 i Fotlandsvågen som er sett av til naustføremål i planen. Området er unntatt plankrav gjennom føresegn §1.2 i Sjø- og strandsoneplanen. Søkjar vil utvide avgrensinga av naustføremålet om lag 15 meter i sørleg retning (sjå vedlegg til saka), gjennom endring av avgrensinga av naustformål i Sjø- og strandsoneplanen. Grunngevinga for dette er at det legg til rette for framhald av bruken av det gamle naustet som ligg innanfor arealføremålet slik det er avgrensa i dag. Framføre det eldre naustet er det gamle lunnar som nyttast til sjøsetting av båtar frå naustet. Det er positivt for bevaring av naustet at det framleis kan nyttast til sjøsetting, og Vestland fylkeskommune har ingen merknadar til utviding av arealføremålet i denne retninga, forutsett at eventuelle nye naust i denne retninga vert godt tilpassa når det gjeld storleik og ikkje fører til skjemmaende terrenginngrep i strandsona. Vi vil minne om at føresegn § 2.57 seier at det i det aktuelle området BAB32 og 33 ikkje skal gjerast inngrep i eksisterande svaberg/fjell. For at endringa av avgrensinga av arealføremålet skal svare til omsynet til terrenget i området, føreset vi at føresegn §2.57 ikkje vert endra sjølv om avgrensinga av arealføremålet vert justert. Dersom arealføremålet vert utvida i den føreslegne retninga rår vi til at området for naustføremålet mot nord vert innskrenka tilsvarande for å verne om terrenget i strandsona. Det er viktig at det vert teken omsyn til både det gamle naustet og lunnene som er knytt til det, slik at kulturminneverdiane til naustet vert ivaretatt.

Dette brevet erstattar brev sendt ut i same sak 17. april 2023 – saksnr. 2023/56842-2 – på grunn av ein feil i overskrifta som no er retta opp i dette brev.

Med helsing

Peter Forras
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift